



KVINNHERAD  
KOMMUNE



## OPPVEKSTKÅR

Temaplan 2020 - 2030

*Ein god oppvekst varer livet ut – og sikrar framtida til alle i kommunen!*

## Forord

2

### Til barn og unge i Kvinnherad

Denne planen du her sit og les kan prega oppveksten og framtida di. Dei som har laga dokumentet har forsøkt å sette seg inn i korleis ein kan ha ein god oppvekst i Kvinnherad. I Kvinnherad har vi høge ambisjonar på vegne av de som er våre barn og unge. Ambisjonen er at alle barn og unge har gode oppvekstkår.

Kva er ein god oppvekst? Korleis legg vi til rette for at skule og barnehage er ein plass der kvart born kan læra å læra på sine premiss? Kva er ei god fritid? Kva skal til for at fritida til barn og unge er meningsfull, samlande, inkluderande og lærande? Korleis kan vi ta vare på kvarandre for å sikre at alle kjem gjennom oppveksten på ein god måte – og er i stand til å handtere utfordringar som dukkar opp undervegs?

Denne planen er for deg som i dag går i barnehage og skule, og den er for deg som endå ikkje er fødd. Den er for deg som lurar på om du skal stifte familie. Den er for dei familiane som lurar på om dei skal flytte til Kvinnherad, og om dei skal takke ja til den spennande jobben som dei nyleg har fått tilbod om. Den er for næringslivet som skal rekruttera ny arbeidskraft og som treng å vise til gode oppvekstkår i konkurransen om den beste arbeidskrafta. Den er for alle tilsette i kommunen som ynskjer å bidra for å gjera ein skilnad i barn og unge sitt liv.

Tettstader og bygder er ein viktig del av ramma for oppveksten til barn og unge. Planen skal utvikle gode oppvekstkår i ei bygd som er stor nok til å ha eigen barnehage og skule, men og for ei bygd som skal vere ein god stad å vekse opp, sjølv om barnehagen eller skulen ligg eit stykke unna.

Strategi er å velja, og då vert ein naturleg konsekvens at ein samstundes må velja bort. Dette kan vere vanskeleg og det vil utfordra oss. Neste steg i arbeidet med gode oppvekstkår i Kvinnherad er å prioritera og ta dei vanskelege vala. Vi ønskjer dykkar stemme inn i det vidare arbeidet.

Kvinnherad, 25. mai 2020

Ragnhild Bjerkvik  
Kommunedirektør



Teikna av Victoria

KVINNHERAD KOMMUNE  
fellesskap og trivsel - utvikling og vekst

## Innhald

Forord.....	2
1. Innleiing .....	4
2. Kvinnherad 2030 – Oppvekst for framtida. ....	7
3. Grunnleggjande perspektiv .....	9
3.1. Sosial berekraft .....	9
3.2. Heilskapleg utvikling.....	10
4. Kvinnherad i dag.....	12
5. Gode oppvekstkår .....	23
5.1. God omsorg.....	23
5.1.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.....	24
5.1.2 Vidare innsats .....	25
5.2. God helse .....	25
5.2.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.....	26
5.2.2 Vidare innsats .....	26
5.3. God utdanning.....	27
5.3.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.....	28
5.3.2 Vidare innsats .....	29
5.4 God fritid.....	29
5.4.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.....	30
5.4.2 Vidare innsats .....	30
5.5 Fullverdig liv .....	30
5.5.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.....	31
5.5.2 Vidare innsats .....	31
5.6 Vern mot overgrep .....	31
5.6.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.....	32
5.6.2 Vidare innsats .....	32
6. Sluttord .....	33
Oppfølging av planen .....	34
Kjelder.....	35

## 1. Innleiing

4

Bakgrunn for planen for oppvekstkår, som ligg føre her, er vedtak i kommunestyre 28.november 2019.  
PS 2019/88 Økonomiplan 2020 - 2023

***Kvinnherad kommunestyre ber kommunedirektøren starte arbeidet med planen «Oppvekstkår» som skal omhandle bl.a. organisering av skular, barnehagar og heildagsskule.***

Dette vedtaket er så vidare definert inn i eit mandat for arbeid med planen. Det er eit uttala mål å sikra alle barn og unge i Kvinnherad kommune gode oppvekstkår. Dette krev ein heilskapleg plan for barn og unge sine oppvekstkår frå før fødsel til fylte 23 år. Planen skal vera overordna og skal visa retning og eit overordna perspektiv for vidare strategiar og planar. Planen omfattar ikkje alle element i barn og unge sin oppvekst, men har fokus på tema som, etter prosessar, vert vurderte som viktige utviklingsområde i åra for å trygga ein god oppvekst.

Ei berekraftig utvikling skal ivareta det behovet som er i samfunnet i dag, utan å øydelegge grunnlaget for at kommande generasjonar får dekkja sine behov. I dette perspektivet er barn og unge ein av dei viktigaste ressursane vi har i Kvinnherad kommune. Ved å sikra at barn og unge får dekkja sine grunnleggjande behov og får gode og trygge oppvekst- og levekår, vil ein styrka deira føresetnad for å lukkast og oppnå ei god fysisk og psykisk helse gjennom heile livet. For å sikra barn sine interesser og rettar, er denne planen bygd opp rundt FN sin Barnekonvensjon.

### **Kort oppsummering av funn**

I planprosessane i prosjektgruppa og arbeidsgruppene vart det det avdekka store variasjonar i oppvekstkår for barn og unge i kommunen. Dette funnet var kanskje det mest urovekkande. Variasjonane er innafor mange område, både kva kvalitet barn har i tenestetilbodet, kva tilbod dei har og kva omfang på tilbod dei får. Når det gjeld kvalitet i tilbodet kjem det fram at læringsresultata i Kvinnherad ligg om lag på nivå med landet når ein ser alle skulane i kommunen samla. Ved nærare analyse er det store ulikskapar i tilbodet frå skule til skule. Medan nokre skular har gode læringsresultat over tid, har andre låge resultat over tid.

Bygga barn oppheld seg i varierer i kvalitet. Bilete er nedslåande. Det er få bygg som har god kvalitet og universell utforming. Dei fleste barnehage- og skulebygg er i dårleg stand og oppfyller ikkje krav til bygg og uteområde i høve forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Det er eit stor etterslep på vedlikehald.

Tilbod som barn og unge har på fritida er varierande. Det ikkje alle barn som har tilgang til SFO som eit fritidstilbod. På nokre skular er det ikkje nok elevar til å starta opp eit ordinært SFO-tilbod, medan ein på andre skular har ferietilbod i tillegg til det ordinære tilbodet. Når det gjeld fritidstilbod til ungdomane er det også store variasjonar. Ut over tilbodet frivillige lag og organisasjonar står for, er det ein kommunal fritidsklubb på Husnes. Tilbodet i dei andre ungdomsskulekrinsane er meir tilfeldig.

Eit anna funn i arbeidet er manglande kapasitet i hjelpetenestene til å gi ei likeverdig og god oppfølging av alle einingane i kommunen. Dette gjeld til dømes skulehelseteneste og PPT, som slit med å følgja opp 15 skular og 17 barnehagar.

Konklusjonen ut frå funna i denne temaplanen, er at det er naudsynt å gjennomføre endringar som sikrar barn og unge eit meir likeverdig tilbod. Tilbodet eit barn får, skal ikkje vere avhengig av kva bygd ein veks opp i.

Dersom ein skal ta konsekvensen av funna i planprosessen, er det to alternativ som kjem fram:

1. Tilføra ein større del av dei kommunale ressursane til tenestetilboda retta mot barn og unge. Dette er naudsynt dersom ein skal sikre eit likeverdig tilbod til alle. Dette omfattar både tenesteyting og rehabilitering av eller nye bygg der barn og unge oppheld seg.
2. Gjennomføre ei endring i barnehage- og skulestrukturen, som sikrar ei betre fordeling av ressursar og eit meir likeverdig tilbod til alle.



*Ordska her er henta frå arbeid med Ungdata - undersøkinga i oktober 2019. Innspela er frå elevrepresentantar frå ungdoms- og vidaregåande skule samt offentleg tilsette, og på bakgrunn av spørsmål om kva område det er ønskeleg at det vert satsa på i Kvinnerad kommune.*

## Sosial berekraft

Kvinnherad kommune skal i alt planarbeid ha fokus på berekraftig utvikling. Innholdet i planen er av den grunn knytt tett opp mot FN sine berekraftsmål (Kvinnherad 2050, Regjeringa).

## Barn sitt beste

Barnekonvensjonen vart gjort gjeldande som norsk lov i 2003. Konvensjonen er med det like forpliktande for alle kommunar som særlovene tenestene legg til grunn for sitt arbeid.

Et av grunnprinsippa i FN sin barnekonvensjon er artikkel 3. Den seier at alle barn har rett til å få sine beste interesser vurderte og tekne omsyn til ved alle handlingar eller avgjersler som vedkjem han eller henne, både i offentlig og privat sfære.

## Heilskapleg innsats

Med utgangspunkt i fokus på berekraftig utvikling, sett i samanheng med det naudsynnte menneskerettslege grunnlaget barnekonvensjonen gir, er det eit mål at barn og unge sine oppvekstbehov vert sett på den politiske dagsorden og at det blir auka fokus på heilskapleg innsats for barn og unge i Kvinnherad kommune.

## Sentrale føringar

Heilskapleg innsats og førebyggjande arbeid for barn og unge er regulert gjennom lover, planverk og andre rammeverk og rettlejarar.

**Lovgrunnlag:**

- Menneskerettsloven (1999)
- Barnekonvensjonen (1991)
- Opplæringslov (1998)
- Lov om barnehager (2005)
- Plan og bygningslov (2008)

- Lov om barneverntjenester (1992)
- Folkehelseloven (2011)
- Lov om kommunale helse og omsorgstjenester (2011)
- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (2009)
- Kulturloven (2007)
- Pasient- og brukerrettighetsloven (1999)
- Likestillings- og diskrimineringsloven (2017)
- FN's konvensjon for mennesker med funksjonshemninger (2006)
- Forskrift om miljørettahelsevern i barnehage og skule

#### Andre statlege føringar:

- Stortingsmeldingar og NOU'ar
- Forskrifter og anna rammeverk
- Faglege retningslinjer og rettleiarar

#### Kommunale føringar

Eit mål med planen er at den vert eit felles styringsverktøy for politisk og administrativ leing for å sikra gode oppvekstkår for barn og unge.

Andre kommunale planar vil i tillegg ha innverknad på barn og unge sin oppvekst. Dette gjeld mellom anna kommunedelplanar, tema- og reguleringsplanar. Det er eit viktig fokus å sjå på kva føringar kommunale planar gir for kvarandre.

#### Prosjektgruppe

**Utarbeiding av planen er organisert i ei tverrsektoriell prosjektgruppe med følgjande deltakarar:**

- Sektorleiar Oppvekst
- Einingsleiar Barn og familie
- Arealplanleggar Kultur, næring og utvikling
- Einingsleiar Sunde barnehage
- Einingsleiar Rosendal skule
- Folkehelsekoordinator Kultur, næring og utvikling
- Einingsleiar Ergo- og fysioterapi
- Økonomisjef Stab
- Einingsleiar Bygg og eigedom
- Hovudtillitsvalte frå Fagforbundet og Utdanningsforbundet
- Brukarrepresentant frå kommunalt foreldreutval, FAU

#### Medverknad

Alle barn og unge har ein generell rett til å bli høyrde og synspunkta deira skal bli tekne med i vurderinga ut frå barnet sin alder og modning. Dette gjeld og i einiskildsaker, der for eksempel kommunen handsamar ei sak som direkte påverkar barnet. I barnekonvensjonen er det særleg artikkel 12 som omhandlar denne retten. I tillegg gir artikkel 13 barn yrings- og opplysningsfridom.

Barn og unge i Kvinnherad kommune har blitt involverte i utarbeiding av temaplanen på ulike måtar. I prosessen med ny kommunedelplan for Kvinnherad kommune er det henta inn innspel frå ungdom på ulike vis, med bruk av ulik grad av medverknad. Det har vore gjennomført spørjeundersøking og dialoggrupper. Det har vore ope for innspel gjennom Instagram og gjennom nettstaden Kvinnherad 2050. Det er henta kunnskap frå arbeid med siste Ungdata undersøking og det er sett til svara frå elevundersøking som er gjennomført i skulane. Desse innspela er samla i rapporten «Melding frå dei unge». Denne rapporten vert brukt som grunnlag i denne temaplanen.

For å sikra medverknad frå barn og unge i alle aldrar, vart det i tillegg sett i verk ein prosess for å henta inn innspel frå barn i barnehagar og barneskular.

Gjennomføringa vart tilpassa alder på barna, og hadde fokus på tre spørsmål:

- Kva er god oppvekst?
- Korleis vil vi ha det?
- Kva kan vi sjølv gjere for å få det betre?

Nokre barnehagar og barneskular klarte å gjennomføre dette trass i utfordringane situasjonen kring Covid-19 førte med seg, men konsekvensane med korona-pandemien gav arbeidet nokre utfordringar.

For å få det betre, kan vi ta kontakt med andre venner og folk. Vi kan vera ute å leika saman og vera med på sport og andre aktivitetar.

#### Framdrift

Framdrift i planprosessen	
Innspelsperiode - 13 vekers høyring	3.juni – 7.september 2020
Handsaming av innspel og merknadar i prosjektgruppa	7.september – 30.september 2020
Leverkårsutvalet - Vedtak Temaplan oppvekstkår	14.oktober 2020
Formannskapet - Vedtak Temaplan oppvekstkår	15.oktober 2020
Kommunestyret - Vedtak Temaplan oppvekstkår	22.oktober 2020

## 2. Kvinnherad 2030 – Oppvekst for framtida.

Barn og unge er ein stor ressurs for samfunnet. Barndomen og ungdomstida varer ikkje lenge, men ein god barndom har verdi både her og no og for resten av livet.

I 2030 har barn i Kvinnherad ein god og meningsfull kvardag og dei får utvikla seg som menneske på alle område. Alle barn og unge kjenner seg inkluderte. Dei har stor grad av medverknad i livet sitt og det er tilrettelagt for at alle skal kunna delta i samfunnet, uavhengig av sosial-, kulturell- og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske ulikskapar lukkast alle.

Dei som arbeider med barn og unge samarbeider og samhandlar. I samarbeidet er alltid barnet i fokus. Dei tilsette kjenner til arbeidsoppgåvene til kvarandre og dei støttar opp om utviklinga til barn ut frå eigen kompetanse og fagfelt. Dei tilsette har god kompetanse i å avdekka eventuell vald og overgrep mot barn.

Allereie frå før fødselen får familieane god oppfølging av kommunale tenester, og det første leveåret til barnet har både jordmor- og helsestasjonstenesta tett oppfølging. Foreldra deltek i foreldregupper som får vegleiing/støtte i korleis dei kan bli gode, omsorgsfulle vaksne for borna sine. Det første leveåret for barn er det aller viktigaste. Det er denne tida den største utviklinga skjer. Kommunen har system for å avdekka trøng for tiltak, og strategiar for å setja inn hjelp tidleg. Barn, unge og familieane opplever god, rett og samordna hjelp til rett tid, frå alle hjelpetenestene.

Barnehagane i Kvinnherad har høg kvalitet i 2030. Alle barn trivst og kjenner seg inkluderte. Dei har god utvikling både fysisk, psykisk og sosialt gjennom leik og læring. Føresette er nøgde med tilbodet. Barna får måltid i barnehagen og opningstida er tilpassa familieane og barna. Barnehagebygga og uteområda er godt tilrettelagt for leik og læring. Bygga og uteområda har universell utforming som inkluderer alle. Barnehagane har gymsal for fysisk aktivitet og er godt utstyrte med leiker som stimulerer til læring. Det er god tilgang til digitalt utstyr som kan nyttast både i læringa og i kommunikasjon med føresette.



Teikna av Eirill



Foto: Grenda

I 2030 lukkast alle elevane i skulane med læringsarbeidet og dei er godt rusta for framtida. All undervisning er tilrettelagt og opplæringa er tilpassa. Alle elevane opplever eit godt og inkluderande læringsmiljø fagleg og sosialt. Barn og unge som har trong for det, får hjelp tidleg slik at dei får utvikla potensialet sitt. Barn og unge opplever å vera del av eit sosialt fellesskap og har mange gode vener. Læringsresultata i kommunen er over snittet for landet og 100 % av elevane gjennomfører vidaregåande opplæring. Det fysiske miljøet på skulane stimulerer til leik, læring og aktivitet. Bygga og uteområda er tilrettelagde slik at elevane kan vera aktive både ute og inne. Skulane har spesialrom og klasserom som er tilpassa den pedagogikken som vert driven. Bygga er universelt utforma slik at alle kjenner opplever å vera inkluderte i aktivitetane.

På fritida har alle barn tilgang til organiserte aktivitetar. SFO tilbodet er ein arena for inkludering, venskap og god fysisk og psykisk helse. SFO samarbeider med kulturskulen, idrettslag og andre frivillige organisasjonar om aktivitetar for elevane. Alle elevane som ynskjer det har eit tilbod ved den kommunale kulturskulen. Både kulturskulen og SFO har gode moderasjonsordningar som sikrar at alle barn har ein reell tilgang til tilbodet. I 2030 er det på trappene eit tilbod om gratis heildags-skule for alle barn som ynskjer det. Det er eit tilbod staten finansierer og som gjev sosial utjamning. Alle barn får gode måltid, leksehjelp og fritidsaktivitetar i tillegg til grunntilbodet i skulen.

På fritida har alle ungdomar tilgang til gode møteplassar. Det er organiserte fritidsklubbar nær opp til ungdomsskulane. I alle bygder er det møteplassar der fleire generasjonar møtest. Kollektivtilbodet er godt organisert i kommunen og det er lett for ungdomane å reisa mellom bygdene. Det er gode sykkelstiar og det er trygge skuleveggar. Venskap oppstår på tvers av bygdegrensar og ungdomane kjenner seg som kvinnheringar i tillegg til å vera glade i bygda si. Ungdomane er organiserte i positive aktivitetar og miljøa er frie for kriminalitet og rus.

Vi vil ha ein oppvekst der vi har det trygt.  
Trygt heime, på skulen og i bygda.

KVINNHERAD KOMMUNE  
fellesskap og trivsel - utvikling og vekst



Ungdomane i Kvinnherad er i 2030 opptekne av framtida si og har god kjennskap til vidare utdanning. Dei har eige ungdomsråd og dei uttaler seg i saker som vedkjem dei. Kommunen byggjer vedtaka som vert tekne på berekraftsmåla og ungdomane er medvitne eigne miljøval.

Ungdomane kjenner næringslivet i kommunen, dei veit kva fagkompetanse næringslivet treng og kva utdanning dei kan styra seg inn mot om dei ynskjer å jobba og busetja seg i kommunen i framtida. Ungdomane er glade i heimkommunen sin og ser for seg ei framtid i Kvinnherad.

Dei unge som er ferdige med utdanninga si har kjennskap til dei gode oppvekstkåra kommunen legg til rette for; dei gode barnehage- og skulebyggja som er i kommunen, dei gode leiketilboda og læringsresultata, dei gode kultur- og fritidstilboda og tilrettelegginga med sykkelstiar og trygge skuleveggar. Dei ynskjer at eigne barn skal få veksa opp i denne kommunen. Dei ønskjer å søkja seg jobb, flytta tilbake til kommunen og byggja seg hus i eit av dei mange byggefelta som er tilrettelagde. Kommunikasjonen ut og inn av kommunen er godt utbygd, og dei unge veit at dei også kan pendla dagleg til Kvinnherad om dei ynskjer jobb ein annan stad på vestlandet.

### 3. Grunnleggjande perspektiv

Temaplanen tek utgangspunkt i nokre grunnleggjande perspektiv. Barn sine rettar er slått fast i FN sin barnekonvensjon og denne er ein raud tråd gjennom heile planen. For å sikra barn ei god framtid ligg berekraftsmåla som eit grunnlag for arbeidet (Figur 1). Vi vert alle påverka av konteksten vi lever i. For å sikra eit heilskapleg perspektiv på barn si utvikling, vil planen visa korleis alle område i livet verkar på oss og på kvarandre. Det nære, som familie og vener, har innverknad på trivsel og psykisk helse. På same vis spelar forhold ved jobb eller skule, nærmiljø, kultur og politikk inn. Heilskapen av påverknadsnivå i barn og unge sitt liv kan illustrerast med modellen i figur 2. For å illustrera kommunen sitt tenestetilbod til barn og unge nyttar me innsatspyramiden (figur 3).

#### 3.1. Sosial berekraft

Noreg har slutta seg til berekraftsmåla til FN; dei globale måla for ei berekraftig utvikling fram mot 2030. Måla er sett på som verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og å stoppa klimaendringane. Berekraftsmål skal vera synlege i alt planarbeid i kommunane, og dei leste måla er relevante for innbyggjarane sine levekår og livskvalitet.




Figur 1: FNs berekraftsmål ser miljø, sosial utvikling og økonomi i samanheng. Foto: Bly, Azote Images, til norsk av KS.

I modellen for berekraft ligg sosial berekraft som eit bindeledd mellom miljømessig og økonomisk berekraft – avhengig av det første, som ein premiss for det andre. Miljømessig berekraft er grunnlaget for alt liv på jorda, sosial berekraft viser til fred, demokrati, utrydding av fattigdom, sosial utjamning, inkludering og deltaking. Alt dette er premissar for økonomisk berekraft. Sentralt i modellen finn vi mål 17, samarbeid for å nå måla. For å sikra barn og unge den oppfølginga dei treng, er det naudsynt med eit samarbeid mellom familien og tenestene kommunen yter, samt eit samarbeid tenestene i mellom.

Ei ulik fordeling av sosioøkonomiske faktorar fører til ein systematisk ulikskap i barn og unge sitt fysiske og psykiske oppvekstmiljø. Det siste er særskilt relevant; korleis slik ulikskap kan jamnast ut gjennom aktiv bruk eller vidareutvikling av verkemidlane i plan og bygningslova, men også korleis vår forståing og bruk av dette møtet mellom mål for gode oppvekstkår og planlegging er, og korleis det kan endrast og utviklast vidare.


### 3.2. Heilskapleg utvikling

Som illustrert gjennom modellen for berekraftig utvikling, vert vi alle påverka av konteksten vi lever i. Barn og unge vert påverka av ulike faktorar på ulike nivå. Figur 2, den utviklingsøkologiske modellen, viser korleis dei ulike systema verkar inn på kvarandre og gjennom det på barnet si utvikling. Dette gjeld frå den ytste ringen, makrosystemet, der mellom anna politiske avgjersler som gjeld barn og unge blir tekne, til mikrosystemet der familien er den viktigaste arenaen. I denne modellen er barnet sjølv i sentrum, med sine behov og eigenskapar. Alle barn har best grunnlag for god utvikling, dersom behova og eigenskapane dei har med seg samsvarar med utfordringane dei møter i dei ulike systema.



Figur 2: Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell (Bronfenbrenner, 2005)

Ut frå modellen har tilbod retta mot barn og unge som siktemål å leggja til rette for eit godt oppvekstmiljø for alle. Dette handlar både om informasjons- og haldningsarbeid, samt konkret arbeid for å skapa gode, trygge lokalsamfunn. Omgrepet førebygging vert på den eine sida nytta om innsatsar og tiltak der føremålet er å hindra eller avgrensa skade, sjukdom eller problem. På den andre sida seier det noko om innsats, tiltak og prosessar som gjer folk i stand til å ta vare på- og betra helse si. Førebyggjande innsats for å redusere risiko for psykisk og fysisk uhelse, er viktige ledd i arbeidet med å betra innbyggjarane si helse og trivsel, i tillegg kjen det helsefremjande arbeidet. Dette er i tråd med overordna tilrådde strategiar for folkehelsearbeidet, og kan også verta illustrert med innsatspyramiden (sjå figur 3).



Figur 3: Innsatspyramiden

Forsking seier ein del om kva som er viktig for barn og unge som veks opp, og kva som gjer at det går bra med nokre barn og mindre bra med andre. Barn og unge si læring og utvikling er mellom anna avhengig av tilhøvet mellom risikofaktorar og vernande faktorar i oppveksten. Vernefaktorar er faktorar som kan redusere vanskar og uheldig utvikling hjå barn og unge.

Med bakgrunn i dette bør arbeid med barn og unge i Kvinnherad kommune i størst mogleg grad dreia seg om å etablera og leggja til rette for vernande faktorar på ulike oppvekstarenaer. Vernande faktorar i barnehage, skule og samfunnet er mellom anna oppleving av meistring og å utvikla positive relasjonar til andre barn og vaksne.

Kvinnherad kommune har valt å bruka innsatspyramiden som eit symbol for korleis temaplanen og nivåa for arbeidet med barn sine oppveksttilhøve skal organiserast.

Nivå 1 i trekanten er merka med grøn farge og gjeld for alle barn og føresette. Nivå 2 er merka med gul farge og gjeld for alle barn og føresette med risiko for å utvikla vanskar, medan nivå 3 er merka med raud farge og gjeld for barn og føresette der ein har sett klare teikn på behov for oppfølging. Nivåa refererer også til dei tre nivåa for inndelinga av barn sine behov slik statistikken viser.

#### Statistikk på landsbasis viser at:

- 85-90 % av alle barn vert tekne godt vare på i heimen.
- Om lag 10-15 % av alle barn vil ha behov for varierende grad av støtte eller tilrettelegging i barnehage, skule eller heim.
- Om lag 3-5 % av alle barn vil ha behov for tiltak/ intervensjon av meir endrings- eller behandlingsretta karakter.

## 4. Kvinnherad i dag.

### Fødselstala

Kvinnherad kommune har dei siste ti åra hatt stor nedgang i fødselstala. Innvandring har i nokon grad halde oppe folketalet og elevtalet. I mai 2020 bur det om lag 1100 personar som er innvandrarar eller norskfødde med innvandrarfamiliar i kommunen. Tal på barn i barnehagar og skular har likevel gått ned og prognosane syner at denne utviklinga vil fortsetja.

Tabellen under syner utviklinga av elevtala ved dei ulike skulane i kommunen.

	2019/ 2020	2020/ 2021	2021/ 2022	2022/ 2023	2023/ 2024	2024/ 2025	Endring
Skule							
Halsnøy skule	167	167	165	170	159	148	-19
Bringedalsbygda skule	57	54	49	49	47	47	-10
Undarheim skule	232	215	199	187	186	182	-50
Valen skule	113	114	114	105	103	94	-19
Skarveland skule	55	55	50	50	47	40	-15
Sunde skule	114	105	103	102	100	97	-17
Husnes ungdomsskule	255	266	286	277	254	230	-25
Øyatun skule	65	66	75	76	74	73	8
Åkra skule	3	6	6	7	8	9	6
Uskedalen skule	102	97	86	79	72	68	-34
Malmanger skule	124	114	114	106	101	99	-25
Mauranger skule	18	19	17	17	15	11	-7
Omvikdalen skule	92	95	100	91	95	90	-2
Rosendal ungdomsskule	158	141	138	147	146	154	-4
Hatlestrand skule	80	75	62	58	53	51	-29
Ølve Montesorri	20	17	15	15	13	9	
<b>Sum</b>	<b>1635</b>	<b>1589</b>	<b>1564</b>	<b>1521</b>	<b>1460</b>	<b>1393</b>	<b>-242</b>
	Endringar ifht. forrige år	-46	-25	-43	-61	-67	
	Endringar ifht. 2019/2020	-46	-71	-114	-175	-242	

Ungdata-undersøkinga syner at mange barn og unge i Kvinnherad har gode oppvekstkår og trives med oppveksten sin. Dei har gode foreldre og vener og får utvikla seg og bruka evner, anlegg og interesser som dei har. Mange barn i Kvinnherad er stolte av familien og bygda si. Dei er opptekne og medvitne om miljøet, dei har respekt for kvarandre, dei er inkluderande på alle måtar, er opptekne av å ta vare på helsa si og få ei god utdanning.

### Tidleg innsats

Med tidleg innsats meiner ein å flytta innsatsen i arbeidet med barn og unge frå å retta opp i problem, og frå å venta å sjå, til å ta tak i eit problem med ein gang ein ser at det oppstår. Å klara å vri innsatsen og tilbodet på denne måten er under utvikling. Ved å førebyggja og ta tak i utfordringane på eit tidleg tidspunkt og før dei utviklar seg vidare, kan ein hindra at problema veks seg store. Prinsippet om tidleg innsats er viktig for å nytta ressursane best mogleg og for at alle barn skal få gode oppvekstkår. Nokre barn og unge har større trong for støtte og hjelp enn andre for lukkast i oppveksten. Dette syner seg i

elevlar som får spesialundervisning, familiesituasjonar der barnevernet er involvert og der barn vert utsette for krenkingar, vald eller overgrep.


PPT har eit ansvar for å veglede alle skulane i gode system slik at den universelle undervisninga blir brei og rommar dei fleste elevane. Tilvising til PPT syner stor ulikskap mellom barnehagar og skular i kommunen. Medan ein skule i Kvinnherad har tilvist kring 22% av elevane har ein annan skule tilvist 4% av elevane. Av 294 tilviste barn frå skulane er 191 gutar og 103 jenter. Ikkje alle som er tilviste til PPT får vedtak om spesialundervisning.

Skuleår	Prosent elevlar med vedtak om spesialundervisning
2019/2020	7,6 %
2018/2019	8,2
2017/2018	8,0

#### Skular og barnehagar

Våren 2020 har Kvinnherad 15 kommunale og 1 privat skule, og 12 kommunale og 5 private barnehagar. Kulturskulen i Kvinnherad har eit variert, desentralisert tilbod til barn og unge. 20 barn under skulealder, 376 barn i grunnskulen og 36 barn i vidaregåande opplæring har eit kulturtilbod innafor ulike kunstfag i kulturskulen.

Tabellen under syner gjennomsnittleg elevtal på skulane i nokre kommunar det kan vera naturleg å samanlikna seg med. Ut av tabellen kan me sjå at det gjennomsnittleg er få elevlar ved skulane i Kvinnherad samanlikna med andre kommunar.



Resultat frå nasjonale prøvar syner at Kvinnherad-skulen samla ligg på nivå med nasjonale resultat når det gjeld målingar/kartleggingar i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Ved analyse av resultatane syner det seg at det er store variasjonar mellom skulane. Nokre skular har over tid svært gode resultat, medan andre skular over tid har svært dårlege resultat. Det er særleg Nasjonale prøvar i lesing som syner den største variasjonen.

Tabellane under syner korleis elevane ut frå resultat på nasjonale prøvar, vert fordelte på ulike mestringsnivå. Prøvene for 5. steget har tre nivå, medan prøvene for ungdomssteget har fem nivå. Mestringsnivå 1 er det lågaste nivået. I Kvinnherad har me som målsetting at elevlar ikkje skal vera på nivå 1 på 5. steget, eller på 1 og 2 for 8. og 9. steget.

Indikator		Snitt /nivå	1 %	2 %	3 %
Nasjonale prøver 5. trinn	Lesing-Kvinnherad	48	28,9	56,4	14,8
	Nasjonalt	50	23	55,6	21,5
	Rekning-Kvinnherad	50	21,1	52,6	26,3
	Nasjonalt	50	23,8	50,8	25,4
	Engelsk-Kvinnherad	51	14,9	60,8	24,3
	Nasjonalt	50	24,7	49,1	26,2

Tabell 13. Nasjonale prøver 5. trinn 2019/2020 – Kvinnherad samanlikna med fylke og nasjonalt

		Snitt nivå	1 %	2 %	3 %	4 %	5 %
Nasjonale prøver 8. trinn	Lesing-Kvinnherad	48	15	15	43,1	20,3	6,5
	Nasjonalt	50	9,8	14,7	43,1	23,2	9,2
	Rekning-Kvinnherad	49	3,9	29,0	41,3	16,1	9,7
	Nasjonalt	50	7,4	23,3	38,4	20,7	10,3
	Engelsk-Kvinnherad	49	9	24,5	41,9	14,2	10,3
	Nasjonalt	50	8,4	18,4	42,4	19,2	11,6


Nasjonale prøver 9. trinn	Lesing-Kvinnherad	53	7,5	10,6	40,4	24,2	17,4
	Nasjonalt	54	6,0	9,2	35,8	29,7	19,3
	Rekning-Kvinnherad	53	5,5	15,2	37,6	22,4	19,4
	Nasjonalt	54	4,5	15,5	34,2	25,7	20,1

Tabell 14. Nasjonale prøver 8. og 9. trinn 2019 – Kvinnherad samanlikna med fylket/nasjonalt

Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga fortel oss at elevar og føresette i stor grad er nøgd med skulane. Elevane er godt nøgde med støtta frå lærarane. Både elevundersøkinga og Ungdata synar at det me skårar lavt på er motivasjon for læring og elevmedverknad. Oppretthaldande faktorar kan vera manglande kompetanse, utfordringar ved leing, at organisasjonen manglar felles endringskultur og manglande oppleving av motivasjon og medverknad frå elevane.


Skulebidragsindikatoren syner kva skulen sin innsats utgjer i forhold til dei føresetnader elevane har. Resultata er ikkje fakta, men er ein indikasjon og retning. For 1. – 4. trinnet i 2019 syner den at skulane i Kvinnherad har eit positivt bidrag til elevane si læring.

(Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kvinnherad 2019).



Barnehagen er ein viktig del av utdanningsløpet, både i kraft av sin eigenart og som ein sentral arena for tidleg innsats. Barnehagen skal fremja helse, trivsel og læring, og førebu barn og unge til aktivt samfunnsliv og til framtida sin arbeidsmarknad. Samordning og godt samarbeid mellom aktørane er avgjerande for å skapa eit godt barnehagetilbod. Kommunen har eit overordna ansvar for kvaliteten på barnehagetilbodet, uavhengig av om barnehagen er kommunal eller privat.

Barnehagane i Kvinnherad varierer i storleik frå ein avdeling til fem avdelingar. Under her er ei grafisk framstilling som viser gjennomsnittstalet på barn i barnehagar i vår kommune samanlikna med andre kommunar som det er relevant å samanlikna seg med. Som ein ser er det gjennomsnittleg få barn i kommunale barnehagar i Kvinnherad. Dette gjev kommunen store økonomiske kostnader.




Foreldra gjev uttrykk for at dei i hovudsak er nøgde med tilbodet barna deira får i barnehagen. (*Foreldreundersøkinga*). Dei opplever at barna får dekkja grunnleggande behov for omsorg, tryggleik, respekt og tilhøyrse. Barn kan ha stort utbytte av å gå i barnehage med høg kvalitet, blant anna når det gjeld sosial kompetanse og venskapsrelasjonar.

Foreldra er ikkje nøgde med mattilbodet i barnehagane, og heller ikkje inne- og ute miljøet. Dei kommunale barnehagane våre er gamle, små og ber preg av manglande vedlikehald over lang tid. Leiker og utstyr som blir øydelagde vert fjerna, og dei blir ikkje erstatta av nye.

Når barnehagebarna har fått spørsmål om korleis dei har det i barnehagen, svarer dei fleste at dei har det bra. Dei likar å leika med venene sine og synest det er gøy når dei vaksne er med og leikar. Nokre barn

svarer at dei blir erta og plaga av andre barn. Dei vaksne i barnehagen har ansvar for å skapa eit trygt og inkluderande miljø, og arbeida for at barn verken opplever krenking eller at dei krenker andre.

Tabellen under syner kor mange barn gjennomsnittleg kvar tilsett i eit årsverk har i barnehagane i Kvinnherad samanlikna med kommunar me kan samanlikna oss med. Som ein ser har barnehagane i vår kommune få barn per tilsett i full stilling. Det er fleire årsaker til dette som spelar inn her. Mange av våre barnehagar er små og det er vanskeleg å bruka personalet fleksibelt mellom gruppene. For det andre er det gamle bygg som er lite tilpassa ei effektiv barnehagedrift.



Kommunen har fleire små barnehagar og skular. Det blir då få tilsette og få tilsette å spela på, noko som gjer det vanskeleg å få til gode fagmiljø og utviklingsarbeid. Ved dei minste barnehagane er det deler av dagen berre ein vaksen på jobb. Dette truar tryggleiken til borna. Dei fleste av skule- og barnehageleiarar er åleine som leiarar i si eining og har ingen andre å støtta seg på. Det er ein utfordrande situasjon å stå aleine i leing av forbetring, utvikling og nyskaping.

#### SFO

I inneverande skuleår er det 288 barn som gjer seg nytte av SFO tilbodet i kommunen. SFO skal vera ein arena for venskap, fritidsaktivitetar, lek og sosial trening. Barn i Kvinnherad har ulik tilgang til SFO-tilbod. Fleire av dei minste skulane har for få elevar til å kunne starta opp eit tilbod. Dei større skulane i kommunen har varierende storleik på SFO. Dei største SFO-tilboda har ope i feriar. Utfordringane med SFO-tilboda er at det er store variasjonar i omfanget av tilbodet barn i ulike kretsar får tilbod om.

Kvinnherad kommune har tilbod om avlasting i SFO-tida til barn med trong for særskilt tilrettelegging på 5. - 10. trinn og vidaregåande-alder. Dette tilbodet er tilrettelagt på skulane, i samarbeid med hjelpetenestene. Det er organisert som eit avlastingstilbod, og av den grunn vedtaksbasert. Tilbodet er gratis for brukarane.

#### Fritid

Kva kan me sjølv gjere for å få det betre?  
 At me er flinke til å ta vare på kvarandre. Få med dei som ikkje er med  
 på noko fritidsaktivitetar.



Ungdata syner at mange barn er med på fritidsaktivitetar. Dei fleste likar å delta i kultur og idrettsaktivitetar. For barn og unge er trivsel og sosial deltaking nært knytt opp mot tilgang på gode møteplassar og meningsgjevande aktivitetar på fritida. Det går att i alle innspel som kjem frå ungdom at dei er opptekne av gode møteplassar der dei kan treffa vener og gjerne vera i aktivitet.

Ynskje om møteplassar er felles uansett kvar i kommunen ein er heimebuande. Nærmiljøanlegg med mellom anna ballbingar og aktivitetssløyper er populære for barn og unge. Dei er viktige i eit førebyggjande helseperspektiv og mange foreldregrupper legg ned dugnad for å bygga opp gode fritidsarenaer for barn. Desse arenaene må takast vare på og dei må framleis vera tilgjengelege for barn om skular vert lagde ned. Idrettsplanen til Kvinnherad løftar fram nærmiljøanlegga som er etablerte i kommunen som eit viktig element i tilbodet til barn og unge.

Ungdomsskulane har ikkje det same fritidstilbodet til elevane som barneskulane har, sjølv om ungdomane kanskje har ei større trong for å møtast å vera saman med vener. I «Ungdata» går det fram at organisert aktivitet er viktige arenaer for samvær, - utvikling av evner, - det å kunna læra å fungera i eit fellesskap og å ytra egne meiningar.




Foto: Rosendal skule



Teikna av Anna

Sidan 2015 ser ein ei generell nedgang i deltaking i organisert idrett på 8 % i kommunen. Det er ein klar nedgang gjennom tenåra, og ungdom fell ut av organisert aktivitet særleg etter 9.trinn. Dei yngste ungdomane i målgruppa er opptekne av å ha trygge vaksne rundt seg på arenaer dei ferdast i. Dei er opptekne av ein god og inkluderande kvardag i både skule og fritid med trygge vaksne som trur på ungdomane.

For å sikra trygge oppvekstmiljø er det viktig med kjennskap til både skule- og fritidsmiljø og at desse samhandlar tett tverrfagleg. For barn og unge er trivsel og sosial deltaking nært knytt opp mot tilgang på gode møteplassar og meningsgjevande aktivitetar på fritida.

Slik tilbodet er i dag, er det store variasjonar i korleis aktivitet- og møteplassar fungerer i dei ulike bygdene. I nokre bygder er det eit rikt tilbod innan kultur- og idrettstilbod, medan det andre stader kan det vera meir magert. Då er det særskilt viktig at det er opne arenaer der barn og unge kan møtast.

Kultur og idrett er viktig for dei unge i følgje Ungdata-rapporten. Ungdom gir tilbakemelding om at dei opplever at det er relativt liten valfridom med omsyn til fritidsaktivitetar i kommunen. Innspela viser at fritidsaktivitetar innan både kultur og idrett er viktige, men det vert etterlyst eit større mangfald enn det

som er i dag, samt at det er mogleg å delta i aktivitetar uavhengig av økonomi. Kulturskulen vert halden fram som viktig, men nokre meiner det er økonomisk kostbart å delta der. Det kjem også fram eit ynskje om arenaer for aktivitetar saman med heile familiar i dei ulike bygdene.


Ungdomsklubb/Fritidsklubb er mest nytta av ungdomskulegruppa, men nokre elevar på vidaregåande deltek også. Det vert etterlyst fleire møteplassar i bygdene. Saman med dette heng også innspela som går på kollektivtilboda i kommunen. Det vert signalisert at tilbodet på Husnes ikkje er tilgjengeleg for ungdom i andre delar i kommunen grunna eit svakt kollektivt tilbod innan transport. Det vert også opplevd ei stor trong for fritidsaktivitetar for barn og unge med spesielle behov, samansette vanskar og funksjonsnedsetting. Ut frå det som vert avdekkja av ungdom sine ynskje og trong for fritidstilbod vil denne planen føreslå eit tiltak med å utarbeida ein plan for eit meir likeverdig fritidstilbod. Ungdomsrådet må medverke i prosessen med å utarbeida ein slik plan.

### Trygt, godt og inkluderande miljø

Inkludering handlar om tilpassing av miljøet til mangfaldet i barne- og ungdomspopulasjonen. Det skal vera mogleg for alle å delta i det faglege og sosiale fellesskapet. Ungdata-undersøkinga viser at mobbing skjer både på ungdomskule og på vidaregåande i form av plaging, utfrysing og trugslar.

Ein stor del av dei unge har negative opplevingar på nett. Dette tek form i trugslar, sårande meldingar, bilete på nett og utestenging frå sosiale hendingar på nett. Fleire elevar rapporterer i «Ungdata»-undersøkinga om at dei har vore utsett for fysisk vald. Samtlege uttalar og at dei ikkje har fortald nokon om det. Barn og unge som ikkje opplever å ha eit trygt og godt tilbod i barnehage, skule, fritid og heime eller som ikkje opplever å vera ein del av eit sosialt fellesskap, kan utvikla helseproblem.

Diagramma under er henta frå Elevundersøkinga i grunnskulen og syner nedgang i mobbetala for Kvinnherad dei siste tre åra. Målingane er gjort på 7. og 10. trinnet.



### Fråfall og gjennomføring

Kvinnherad vidaregåande skule	2016/2017	2017/2018	2018/2019	Hordaland Fylkeskommune
Fullført og bestått	84,4	83,8	84,6	83,3
Fullført og ikkje bestått	7,3	12,0	8,1	5,6
Slutta	3,8	3,6	2,7	4,0

Tabellen over syner at elevane ved Kvinnherad vidaregåande skule har ei positiv utvikling dei siste åra når det gjeld gjennomføring. Skulen har også positive tal samanlikna med resten av dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Tabellen under viser mottakarar av varig uførepensjon i aldersgruppa 18-44 år i prosentdel (kommunehelse). Tabellen syner at Kvinnherad både har eit høgt og eit aukande tal på unge uføre, samanlikna med fylke og land.


År	2012-2014	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2016-2018
Heile landet	2,3	2,4	2,6	2,7	2,9
Vestland	2,1	2,2	2,4	2,5	2,7
Kvinnherad	3	3,2	3,4	3,8	4,1

Det er langt fleire menn enn kvinner som vert tidleg uføre. Dette trass i at jenter oftare søker hjelp enn gutar. Tal på tilmeldte til PP-tenesta tyder på at gutar strevar meir enn jenter også i skulealder. (Sjå side X)

For å ta vare på barn og unge si psykiske og fysiske helse er det statlege føringar for at elevane skal kunna møta tilsette frå skulehelsetenesta. Barneombodet skriv på nettsida si at det er viktig at tenesta møte barn og unge på deira eigen arena. Sjølv om kapasiteten i skulehelsetenesta er auka opp i Kvinnherad dei siste åra, ligg kommunen framleis under normtala for kva som vert tilrådd frå staten. Dette skuldast mellom anna økonomiske ressursar og at det er vanskeleg å rekruttera fagpersonar. Problem med for få tilsette kombinert med at kommunen har fleire skular enn det som er vanleg i landet fører til at barn og unge møter eit redusert skulehelsetenestetilbod. I tillegg kjem utfordringa med at dei fleste skulane ikkje har tilfredstillande kontorlokale til hjelpetenestene.



Foto: Hatlestrand barnehage



Teikna av Alva

Det er forventningar frå statleg hald om at skulehelsetenesta har ein brei fagkompetanse og at den inneheld fagpersonar som, lege, helsesjukepleiar, fysioterapeut, ergoterapeut, psykolog og andre som skal til for å gje eit tilfredsstillande tilbod til barn og unge.

I arbeidet med denne planen har det kome fram at informasjon og førebyggjande tiltak for å unngå overvekt, psykiske utfordringar, rygg- og nakkeproblem for barn og unge er lite prioritert i kommunen. Det same gjeld tilrettelegging av aktivitets- og fritidstilbod til alle. Særleg dei som ikkje så lett engasjerer seg innafor idrettar som handlar om konkurranse og press. Færre barn med manglande motoriske dugleikar vert tilviste fysio- og ergoterapitenesta.

Avdekking av vald og overgrep er tilfeldig, og ofte ikkje som resultat av det offentlege sin innsats. Terskelen for å melda til barnevernet og politi er fortsatt høg i ein del tenester, særleg i saker som handlar om vald og seksuelle overgrep. Det er trong for å avdekka overgrep på eit tidlegare tidspunkt. I skular og barnehagar vert temaet teke opp i varierende grad. Det er tilfeldig kva som blir snakka om og kva informasjon ein gir. Kompetanse om temaet varierer mellom skular/barnehagar og dei tilsette. Det er per i dag ikkje eit tilbod som sikrar alle barn tilstrekkeleg opplæring om vald og overgrep. Tematikken er lite integrert i utdanningar, og det er av den grunn trong for auka kompetanse blant tilsette som har kontakt med barn og unge i kommunen.

Barnevernet opplever til tider at det er utfordrande å henta inn informasjon i undersøkingar der ein har mistanke om at eit barn lid under vald, overgrep eller omsorgssvikt. Kvinnherad kommune er sett saman av fleire større og mindre bygdesamfunn. Dette medfører ei utfordring knytt til avdekking av vald og overgrep då involverte partar kan vera vener og kjente. I ein slik situasjon er det risiko for at ein kan fråskriva seg ansvaret for å dela uroa si.

I Kvinnherad er det nyleg tilsett fagansvarleg med særskilt fokus på vald og overgrep. Dette skal sikra betre kvalitet i slike saker. Målet er at fagansvarleg skal meir ut i skule og barnehage for å informera om temaet og heva kunnskapen både inn mot barn og til tilsette. Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep er eit tilbod til alle tilsette i kommunen, samt private. Teamet gjev råd, støtte og rettleiing i kva ein skal gjera dersom ein kjenner på uro for eit barn. Konsultasjonsteamet har møte ein gong i månaden, der det vert teke opp saker til anonyme drøftingar. Konsultasjonsteamet tilbyr i tillegg kompetanseheving til dei som arbeider med barn og unge.

Melde vald- og sedelighetssaker i Kvinnherad:

Meldt til politiet	Valds-saker	Sedelighets-saker
2018	36	6
2019	52	23
Auke i % frå 18 – 19	44,4%	283,3%

#### Samhandling med barn og unge i sentrum

For å sikra heilskapleg og tverrfagleg innsats er det naudsynt med god samhandling. I arbeidet med planen for oppvekstkår er det avdekka at mange opplever at tilsette har for lite kjennskap til andre sine arbeidsfelt og at samhandlinga vert problematisk. Handlingsrettleiaren Betre tverrfagleg innsats (BTI) er innført, men dei tilsette i kommunen har så langt ikkje ei felles forståing for bruk av modellen, og her trengst betre implementering. Berekraftmodellen syner kor viktig samarbeid er for å nå mål. Det at tilsette dreg i same retning mot eit mål og samhandlar gir betre kvalitet i tenestene. Her har kommunen eit potensiale for betring.



### Skule- og barnehagebygg

Skule – og barnehagebygga i Kvinnherad kommune er av eldre årgang, storparten av bygningsmassen er oppført på 70- og 80-talet. Dei manglar tilfredsstillande grupperom, personalrom, arbeidsplassar for pedagogar og gode garderobeforhold. Over tid har ikkje behovet for vedlikehald vore prioritert i stor nok grad. Dette har ført til at kvalitet på bygningsmassen gradvis har blitt redusert, og stettar ikkje krava til undervisningsbygg utifrå dagens krav.

For at tilstand og utforming av bygningsmassen skal kunna oppfylle alle krav sett i Tekniske forskrifter, Forskrift om miljøretta helsevern og Arbeidsplassforskrifta vil det verta naudsynt med vesentlege større ressursar enn det som er sett av til utvikling og vedlikehald.

Kvinnherad kommune brukar mykje mindre til vedlikehald og utvikling av undervisningsbygg enn andre samanliknbare kommunar i KOSTRA gruppe 11, til dømes Stord, Voss og Mandal.

*Investeringar i barnehagebygg dei 4 siste år (kr per innbyggjar/år):*


	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	47	9	24	37
Mandal (-2019)	42	3	84	71
Stord	87	504	10	7
Voss (-2019)	1 751	2 329	139	200
Hordaland (-2019)	659	585	352	327
Kostragruppe 11	488	298	292	343

*Investeringar i skulebygg dei 4 siste år (kr per innbyggjar/år):*

	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	2 866	3 084	4 742	3 962
Mandal (-2019)	6 657	3 794	11 142	42 160
Stord	32 932	45 398	14 707	3 233
Voss (-2019)	40 661	11 493	7 115	1 841
Hordaland (-2019)	22 998	27 133	21 824	25 420
Kostragruppe 11	17 768	16 506	13 003	14 370

Mange av bygga er utdaterte og umoderne og det fører til eit stort investeringsbehov for å oppretthalda standarden og syta for at dei oppfyller lovpålagde krav sett av sentrale styresmakter og eigne vedtekne vedlikehaldsplanar. Dei fleste skulane og barnehagane våre fyller ikkje kravet til universell tilrettelegging. Dei fysiske tilhøva me tilby barn og unge er generelt dårlege. I heile eller delar av bygga er funksjonshemma sine behov lite ivaretekne. Det estetiske er lite vektlagt i bygga. Barnehage- og skulebygg fyller ikkje krav om miljøretta helsevern då det er krevjande med reinhald, lufta inne er dårleg grunna låg luftutskifting og manglande ventilasjon.

Barnehagelærarane skal i følge lova ha planleggingstid. Denne tida skal dei ha saman med kollega på arbeidsplassen. I Kvinnherad må planlegginga delvis skje heime hjå kvar enkelt fordi barnehagane ikkje har kontorlokale til pedagogane. Dette truar kvaliteten i tilboda.



Teikna av Nathalie



Teikna av Sondre

For at ein skal kunna vurdere tilstanden på undervisningsbygga er det gjennomført eit omfattande arbeid med kartlegging av tilstand i barnehage og skulebygg. Vurderinga er gjennomført i samarbeid med OMEGA Areal AS. Her er alle relevante fagområde representert og det har blitt kartlagt eit breitt og fagleg grunnlag for å ta ei avgjerd om vidare utbetring eller nybygg. Kartlegginga har så langt avdekket eit behov for vedlikehald som er estimert til 317 millionar kroner. I dette denne estimeringa er ikkje vurderinga av alle bygg fullført (Sjå vedlegg til planen).

#### Rekruttering av rett kompetanse til arbeid med barn

God og rett kompetanse hos dei tilsette er avgjerande for eit best mogleg tenestetilbod. I Kvinnherad kommune er rekruttering av fagpersonar til stillingar i oppvekstsektoren til tider ei utfordring, dette gjeld fleire fagområde.

Oppvekstsektoren i Sunnhordland har gjennom mange år hatt eit tett og godt samarbeid gjennom kompetansenettverket FOS (Forum for Oppvekst i Sunnhordland). Det er organisert med nettverk innafor dei fleste fagområda som arbeider mot barn og unge. Nettverka er heilt avgjerande for at kommunane skal kunna by tilsette god kvalitet i kompetanseheving og at ein til ei kvar tid skal vera på høgde med dei forventningane som ligg i dei ulike tenestetilboda.

For å måla kvaliteten på tilboda vi yter, vert det nytta ulike indikatorar og dei ulike tenesteområda rapporterer resultat. Ei måling av kvalitet er og avhengig av kva brukarane opplever. Skular og barnehagar har faste system for å måla dette, men det er ikkje faste rutinar på dette i hjelpetenestene. Det er trong for

ei tilbakemelding på korleis brukarane opplever den tenesta dei får for å kunna utvikla tenestene. Sektoren treng å utarbeida rutinar for brukarundersøkingar for alle områda som arbeider mot barn og unge.

Trygg saman med alle som er rundt deg, både på skulen og heime og i fritida.

## 5. Gode oppvekstkår

Eit mål med temaplanen for oppvekstkår er at planen vert eit felles styringsverktøy for politisk og administrativ leiing for å sikra gode oppvekstkår for alle barn og unge i alderen før fødsel til fylte 23 år. Planen skal omhandla mellom anna organisering av skular, barnehagar, heildagsskule, og skal vera eit godt grunnlag for vurdering av organisering.

Med utgangspunkt i Barnekonvensjonen og FN sine berekraftsmål, vil følgjande tema få særskilt fokus i denne planen:

- God omsorg
- God helse
- God utdanning
- God fritid
- Fullverdig liv
- Vern mot overgrep

Den siste tida har Noreg – og verda – vore utsett for ein pandemi og konsekvensane dette fører med seg. Gjennom Koronasituasjonen ser vi enno tydelegare kor viktig samhandling mellom ulike tenester er og korleis ein kan nå mål ved å stå samla.

Vi har og sett kva fritidsaktivitetar, barnehage og skule har å seie for barn og unge. Tida framover vil vise kva langsiktige konsekvensar denne situasjonen har fått for framtida, og kva det vil krevje av samla innsats for å sikra barn og unge eit godt tenestetilbod vidare. Her er FN sitt berekraftsmål nr 17 – samarbeid for å nå måla – viktig.

### 5.1. God omsorg

Alle barn har rett på god omsorg, slik barnekonvensjonen legg til grunn ved artiklane 18, 20, 26 og 27.. Foreldre har rett og plikt til å sørgja for barn si oppseding og utvikling. Det offentlege skal støtta foreldra i å sikre at barn og unge får god omsorg. Alle barn og unge som ikkje kan bu i familien sin har rett til særskilt vern og støtte og eit alternativt omsorgstilbod.

Omsorg er ein føresetnad for barn og unge sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati og nestekjærleik. I tillegg til foreldra si plikt til å sikra barn og unge god omsorg, har det offentlege eit ansvar for å støtta opp under den omsorga barn og unge får og å leggja til rette for at dei kan utvikla tillit til seg sjølv og andre og anerkjenna menneskeverdet som ein grunnleggjande verdi i samfunnet. Skule, barnehage, helsetenester, barnevern, familievern, arbeids- og velferdstenester og politi må samarbeida om heilskaplege og koordinerte tenester for barn, unge og familiar. Kunnskap om kva ansvar dei ulike partane har, saman med fokus på samhandling og koordinering, er avgjerande for at barn og unge får den hjelp dei treng. Det er barnet sitt trong for hjelp som må vera avgjerande for kven som samarbeider



og korleis samarbeidet blir organisert. Dette er i samsvar med FN sitt berekraftsmål nr 17, som handlar om samarbeidet for å nå måla.

Alle barn har rett på omsorg i barnehage og skule. Det er dei tilsette som har ansvar for at barn får denne omsorga. Med utgangspunkt i Innsatspyramiden ( s.11 ) kan me tenkja oss at alle barn har ulik trong for omsorg. Nokre klarar seg med det universelle tilbodet, men det er andre som treng meir, og nokre få treng eit heilt spesielt omsorgstilbod frå det offentlege. Dette gjeld barn som ikkje får dekkja behovet i heimen og som meir eller mindre lever eit liv med omsorgssvikt.

Det er viktig å understreka at god barndom har ein eigen verdi. Den er ikkje berre viktig for at ein skal klara seg seinare i livet, den har i tillegg stor verdi her og no i barnet sitt liv. Kommunen har ei rolle i arbeidet, og barn og unge si velferd er avhengig av at kommunen utfører tenestene på ein god måte. Målsetjinga med innsats frå offentlege tenester, er at barn og unge skal oppleva ei god og trygg barne- og ungdomstid, redusera negative konsekvensar av risiko og belastningar dei lever med i oppveksten sin og gjennom det sikra at dei blir best mogleg i stand til å ta vare på eiga helse og utdanning.

Det er mange årsaker til at det skjer at eit barn ikkje kan bu heime. Omsorgspersonane kan ha utfordringar med rus, vald, psykisk helse, kriminalitet eller låg omsorgskompetanse, eller barn kan ha trong for eit nytt omsorgstilbod på grunn av symptom og utfordringar som viser seg gjennom alvorlege åtferdsvanskar. Uansett årsak, kan det vera trong for å sikra barnet eit alternativt omsorgstilbod for kortare eller lengre tid. Barn som ikkje kan bu heime, har krav på særskilt vern og støtte både frå kommunen som har flytta dei, og kommunen dei bur i. Kommunen har ansvar for å følgja utviklinga både til barnet og barnet sine føresette. Barn som bur i institusjon og fosterheim har krav på naudsynt helsehjelp og eit tilrettelagt skuletilbod.

**Ha nokon som passer på deg, at du har mat på bordet og ein god heim.**

#### 5.1.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa

Barn og unge opplever eit trygt oppvekstmiljø med god omsorg. Dette gjeld uavhengig av kjønn, kognitive og fysiske eigenskapar, sosial, økonomisk, kulturell og språkleg bakgrunn.

Barn og unge blir behandla med respekt og har høve til å uttala seg om eigne ønskje og behov, slik at dei opplever involvering og medverknad i eige liv.

Barn og unge opplever samanheng og trygge rammer ved at overgangane mellom dei ulike systema som heim, fritid og offentlege tenester er føreseielege og gode.

Barn, unge og familiar har lett tilgang til informasjon og hjelp frå offentlege tenester. Dei opplever at det er normalt å be om hjelp og at dei får god rettleiing og støtte ved behov. Dette medfører at rett hjelp blir gitt til rett tid.

Barn og familiar opplever eit heilskapleg og effektivt tenestetilbod, prega av samordning, kontinuitet, likeverd og eit felles mål til barnet sitt beste.

Barn og familiar får verksam hjelp. Prinsippa som gjeld er tidleg- og tverrfagleg innsats.



### 5.1.2 Vidare innsats

Innsatsområder – God omsorg
Sikra implementering av «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) som den grunnleggande modellen for all tverrfagleg samhandling. Modellen skal vera i bruk i alle einingar og sektorar.
Vidareutvikla tilbodet til barn, ungdom og familiar i risiko, med fokus på fleksible og verksame tiltak. Medverknad, tverrfagleg innsats og nyare forskning er grunnlag for tilboda.
Utarbeida strategiar for kompetanseheving med mål om å betra kvaliteten i møte med barn, unge og familiar.
Rekruttera rett og nok kompetanse slik at alle barn og unge har tilbod om eit godt tverrfagleg støttesystem.
Gjennomføra brukarundersøking av hjelpetenestene med mål om auka kvalitet.

### 5.2. God helse

I følgje barnekonvensjonen artikkel 24 har alle barn rett til den høgaste oppnåelege helsestandard og behandlingstilbod og rehabilitering. Det skal treffast særlege tiltak for å sikre dette ved å sikre naudsynt helsehjelp og helseomsorg og ved ulike førebyggjande tiltak med vekt på primærhelsetenesta. FN sitt berekraftsmål nr 3 handlar om god helse.

Norge er eit land med høg standard på helsetilbodet til barn og unge. Likevel ser me at det er fleire barn som slit med både psykiske vanskar og rygg-, nakkeproblematikk. Innsatspyramiden (s.11) sitt universelle nivå gjeld tilbodet til alle barn og unge. Kommunen skal ha eit godt universelt tilbod i høve barn og unge si helse (nivå 1). Barnekonvensjonen seier *den høgaste oppnåelege standard*. Barnehage- og skuletilboda, som treff alle barn, må ha gode psykososiale tilhøve som er frie for mobbing og krenkingar. Dei fysiske forholda skal vera av høgaste oppnåelege standard i form av gode, tilrettelagte bygg og uteområde som innbyr til stor grad av aktivitet og leik. Skulehelsetenesta må ha eit godt tenestetilbod både fysisk, psykisk og sosialt og alle fagområda må ta del i den viktige rolla dei har med det helsefremjande arbeidet i skulane og med framtida til barn og unge.

God helse handlar om både psykisk og fysisk helse. Det handlar om heimeforholda til barn og unge og om det det å ha vener og god fritid. Gode omsorgstilhøve, sosiale fellesskap i trygge omgjevnader, inkludering og fysisk aktivitet skaper robuste barn.

Det er mange fagpersonar i kommunen som skal fremja god helse blant barn og unge. Helsestasjonen og skulehelsetenesta har ei særskild oppgåve både i å følgja med i barn si utvikling og å førebyggja for sjukdom. Skulehelsetenesta skal ha naudsynt kompetanse for å driva ei forsvarleg teneste, og i følgje nasjonale retningslinjer, kan fleire faggrupper bidra til dette.

Både legetenester og tannhelsetenester er viktige i arbeidet med barn si helse. Det same er barnevernet, psykiske helsearbeidarar, psykologar, folkehelsekoordinatorar, ergo- og fysioterapitenesta og tilsette på PPT. Samarbeid, samhandling og barn i fokus i dei offentlege tenestene er avgjerande for barn si helse.

Ei god helse startar i svangerskapet. Svangerskapsomsorga har som mål å bidra til ein helsefremjande livsstil og å redusera sjukdom. Førebuing til foreldrerolla startar i svangerskapet og den gravide og hennar partnar skal gjennom svangerskapsomsorga bli godt førebudd på den nye rolla. Barn og unge og deira familiar skal ha eit lett tilgjengeleg og likeverdig lavterskeltilbod i helsestasjonen, skulehelsetenesta og ved helsestasjon for ungdom, jf. helse – og omsorgstenestelova.

Nokre barn har større helseutfordringar enn andre. Det må vera tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i kommunen til at barn og unge får den helsehjelpa dei treng på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. For dei

som treng selektive tilbod må det vera gode rutinar for tidleg innsats og samarbeid og tilgang på ressursar tilgjengeleg.

Psykisk helse er eit tema som dei unge sjølve meiner bør prioriterast i større grad. Ein fersk studie som NORCE har utført som ein del av SEED-studien fortel at det er dei relasjonelle problema som er hovudårsaka til at unge fell utanfor skule og arbeidsliv. Det dreier seg om isolasjon, einsemd, mangel på omsorg og tap av vennskap. Talet for born i familiar med vedvarande låg inntekt ligg i Kvinnherad litt over snittet for Hordaland. Problemstillingar flettar seg inn i kvarandre og det vert viktig å møte familiar som strevar på ein meir heilskapleg måte. (Kommunedelplan Helse, omsorg og sosial 2019: 6).

### 5.2.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.

Barn og unge har eit tilbod som fremjar god fysisk og psykisk helse. Alle undervisningsbygg er av høgaste oppnåelege standard og settar krav sett i Forskrift om Miljøretta helsevern.

Barnehagar og skular er frie for mobbing og krenkingar og alle barn opplever å ha vener.

Alle barn har tilbod om fritidsaktivitetar tilpassa egne evner og interesser.

Barn får god oppfølging i sårbare fasar som til dømes overgangar og ved sjukdom, kriser og anna. Psykisk helse er likestilt med fysisk helse og er inkludert som ein likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet retta mot barn og unge.

Skulehelsetenesta innfrir staten sine forventa normtal. For å sikre eit likeverdig tilbod for alle barn og unge, har alle relevante hjelpetenester eigna lokale på alle skular.

Kvinnherad kommune har tilsette som samarbeider godt rundt førebyggjande, behandlande og helsefremjande tiltak. Samarbeidet skjer inn i einingane, på tvers av einingar og sektorar. Alle tilsette har god kjennskap til- og nyttar handlingsrettleiaren Betre tverrfagleg innsats (BTI) som eit verktøy for samhandling.

### 5.2.2 Vidare innsats

Innsatsområder – God Helse
Sikra at barn og unge har tilbodet sitt i tilfredsstillande bygg og uteområde. Forskrift om miljøretta helsevern for barnehage og skule skal vere førande ved oppgradering/nybygg.
Sikra samarbeid mellom det kommunale tenestetilbodet og frivillige lag og organisasjonar for å få eit heilskapleg, inkluderande miljø for alle barn og unge i barnehage, skule og fritid.
Oppretta skulehelseteneste på alle skular slik at alle elevar har tilgang til hjelpeteneste på sin skule.
Vidareutvikla tilbodet til ungdom i omfang og kvalitet, for å sikre lett tilgang til gode hjelpetenester, med kontinuitet i relasjonane.

Når eg får spikra og hamra, og male då e eg mykje roligere. Eg likar å arbeide sånn. Då e da kjekt å vera i barnehagen.



Foto: Hatlestrand barnehage



Teikna av Ingrid Helen

### 5.3. God utdanning

I følge barnekonvensjonen artikkel 28, 29 og 30 har alle barn og unge rett til ei god utdanning. Utdanninga skal vere ei obligatorisk og gratis grunnutdanning. Vidaregåande utdanning skal bli gjort tilgjengeleg og oppnåeleg for eit kvart barn. Høgare utdanning skal bli gjort tilgjengeleg og oppnåeleg på grunnlag av den einskilde sine evner. Barn si utdanning skal ta omsyn til barnet sin personlegdom, respekt for menneskerettar, respekt for foreldre. Utdanninga skal og førebui barnet på eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn.

FN sitt berekraftsmål nr 4 handlar og om god utdanning. Målet her er å sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja livslang læring for alle.

**Gode utdanningstilbod på kvar skule med fokus på god og trygg læring med lærarar som er godt oppdatert på pensum og som følg med i utviklinga.**

Kvalitet i skule og barnehage er å omsetja samfunnsmandatet i praksis. Skulen har eit danning- og utdanningsoppdrag. Desse heng saman og er avhengige av kvarandre. Utvikling av kvalitet er ein kontinuerleg og systematisk prosess. Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem skal bidra til dette arbeidet. Obligatoriske verktøy i skulen er nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar, elevundersøkinga og tilstandsrapport. Skuleeigar og skular skal ut frå pedagogisk analyse nytta resultata som grunnlag for å betra kvaliteten i opplæringa.

Både i barnehagelova og opplæringslova er det tydeleg presisert at barn og unge har ein rett til å bli møtte ut frå egne føresetnader. I det ligg at barnehagen og skulen skal romme alle barn og unge uansett kva føresetnader dei har. Både i barnehagelova og opplæringslova er det i tillegg egne paragrafar knytt til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Kven som har rett på denne hjelpa er ikkje knytt til diagnoser eller liknande, men ut i frå om barnehagen eller skulen kan hjelpa innanfor det ordinære tilbodet

eller ikkje. (Innsatspyramiden s. 11). Kva barn som vert omtala til å ha særskilde behov vil såleis variera frå barnehage til barnehage og frå skule til skule. Kva barn som har særskilde behov vil med andre ord vera knytt til kva kultur, ressursar, ressursforvaltning og kva kompetanse den einskilde barnehagen eller skulen har. Kvaliteten på det ordinære tilbodet - den universelle undervisninga - er med andre ord avgjerande for kva barn som vil ha trong for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.

I arbeidet med planen om oppvekstkår har næringssjefen i kommunen delteke i prosjektet. Frå næringslivet si side kjem det fram at ein ynskjer sterkare band til utdanningssystemet i kommunen. Det er trong for kompetanse for yrke i framtida og ynskje om at barn og unge skal ha betre kjennskap til kommunen sin. Entreprenørskap og kjennskap til å driva eiga verksemd har blitt sett på dagsorden. Det er ynskjeleg frå næringslivet si side at barn og unge har kjennskap til næringslivet i kommunen og at det vert godt samarbeid om lokale kompetansetilbod som mellom anna Folgefonnsenteret og Newtonrom.

*Eg e veldig glad i å leka, eg likar godt når me leke familie. Og ute kan me sykla, då leka me Ninja og brannmann.*

### 5.3.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa.

Barn lukkast i opplæring og utdanning og opplever gode overgangar. Barn i barnehagar får utvikla seg gjennom leik og læring og skulane har ei opplæring som rustar barn for framtida. Skulane og barnehagane er gode på tilrettelegging og tilpassing av læringstilbodet.

Alle elevar gjennomfører vidaregåande opplæring og dei opplever eit godt og inkluderande læringsmiljø fagleg og sosialt. Barn og unge opplever å vera del av eit sosialt fellesskap.

Barnehagar og skular i Kvinnherad har fysiske miljø som stimulerer til leik, læring og utvikling. Bygga har universell-, pedagogisk- og estetisk utforming. Bygga har gode forhold i høve reinhald, luft, estetikk, utstyr, inventar og læringsmateriell. Uteområda innbyr til tryggleik, leik og aktivitet. Det er gode relasjonar mellom barn og mellom barn og vaksne og opplæringa er prega av motivasjon, meistring, utvikling og kompetanse.

Alle barn møter kvalifiserte tilsette med høg og relevant kompetanse. Barnehagar, skular og hjelpetenestene har sterke fagmiljø.

Barn og unge som har trong for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensiale sitt.

Alle barn og unge i Kvinnherad opplever medverknad i eige liv både i barnehage/skule og fritid.

Alle barnehagar og skular har tilstrekkelege ressursar til å dela elevane i gode undervisningsgrupper.

### 5.3.2 Vidare innsats

Innsatsområder – God Utdanning
Vurdera barnehage- og skulestruktur for å sikra ei organisering som gir eit likeverdig og godt tilbod til alle barn og unge.
Sikra at alle skular og barnehagar har planen "Strategi for kvalitet" som grunnlag for systematisk arbeid med mål om at barn og unge skal oppleve god kvalitet og eit likeverdig tilbod i alle barnehagar og skular.
Utarbeida strategiar for at alle barn og unge skal få kjennskap til lokal kulturhistorie.
Etablera eit samarbeid med lokalt næringsliv knytt til entreprenørskap og skulebedrifter.

### 5.4 God fritid

I følge Barnekonvensjonen sin artikkel 31 har alle barn og unge rett til kvile og fritid. Det er viktig å jobba for lik tilgang og for at det er mogleg for alle å delta i lek og fritidsaktivitetar som høver til alder og utvikling. Barn og unge skal sikrast at dei fritt kan delta i kulturliv og kunstnarisk aktivitet.

Organisasjonar, klubbar og lag er viktige arena for samvær med andre barn og unge, og gir andre erfaringar og læringstilhøve enn skule og meir uformelle møte. På sitt beste gjer organisasjonane det mogleg for barn og unge å utvikla evnene sine, dei lærer å fungere i eit fellesskap, ytra eigne meiningar og å jobbe målretta. Ei god fritid heng saman med fleire andre tema i denne planen, ikkje minst dette med god helse.

For dei minste barna er SFO ein viktig arena for lek, kultur og fritidsaktivitetar. I Stortingsmelding 6. går det fram at regjeringa vil innføra ei ordning med redusert foreldrebetaling (moderasjonsordning), slik at alle som ynskjer det skal få gå på SFO. Det vil også bli innført gratis SFO for barn på 5. – 7. trinnet med trong for særskild tilrettelegging. SFO skal vera ein viktig arena for å styrka helse til barn gjennom fysisk aktivitet, god og sunn mat, inkludering av alle og etablering av venskap mellom barn frå ulike kulturar. SFO skal ha eit samarbeid med kulturskulane og frivillige. Stoltenbergutvalet har føreslått å innføra obligatorisk heildagsskule for 1. – 4. trinnet med rammeplan som gir rammer for fysisk aktivitet, ulike fritidsaktivitetar, leksehjelp, læring og lek. Dette ligg ikkje inne i regjeringa sine planar nå, men kan i framtida bli ein del av eit samla utdanningstilbod.

«Det er godt å ha ein plass ein alltid kan koma utan å være invitert» - uttalar ungdomar når det gjeld ynskje om tilbod. I Ungdata-undersøkinga går det også fram at organisert aktivitet er viktige arenaer for samvær, og for å utvikla evner, læra å fungere i eit fellesskap og ytra eigne meiningar. Dei yngste ungdomane i målgruppa er opptekne av å ha trygge vaksne rundt seg der dei ferdast. Dei er opptekne av ein god og inkluderande kvardag i både skule og fritid med trygge vaksne som trur på ungdomane. Det er stor ulikskap i ulike deler av kommunen kva fritidstilbod barn og unge har tilbod om. Manglande nasjonale føringar for fritid skuldast truleg ein del av variasjonen.

At alle har tilbod om fritidsaktivitetar, som ikkje kostar så mykje.  
Gode leikeplassar, både for små og store.

#### 5.4.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa

Alle elevar 1.-4. trinn har tilgang til eit SFO-tilbod av høg kvalitet i tråd med nasjonale føringar og Kvinnherad kommune sin plan for SFO.

Det er mogleg for alle barn og unge å delta i fritidsaktivitetar, ha ein meningsfull kvardag og ha ein arena dei er velkomne til å delta i utan å være inviterte.

Det er gode og varierte møteplassar og tilbod til ungdom i heile kommunen. Tilboda er knytte opp mot ungdomsskulane, og det er dei same vaksne som møter ungdomane på alle arena.

Alle skal kunna delta i fritidsaktivitetar tilpassa evner og funksjon. Dei som har særskilde behov får støttekontaktar som kan hjelpe dei i aktivitetane.

#### 5.4.2 Vidare innsats

Innsatsområder – God Fritid
Sikra alle barn og unge aktivitetskort
Sikra alle barn og unge som ynskjer det eit tilbod i kulturskulen.
Sikra at barn og unge kan reisa og gjera seg nytte av fritidstilbod i fleire deler av kommunen gjennom gode, kollektive transporttilbod.
Utarbeida kultur- og fritidsplan for barn og unge.
Vidareutvikla ungdomstilbodet med grunnlag i kultur- og fritidsplanen. Målsetjinga er å etablera eit tilbod knytt opp mot kvar av ungdomsskulane i kommunen.
Utarbeida kommunal plan for SFO i tråd med nye nasjonale føringar. Sikra god samanheng mellom kommunale tilbod og aktivitetstilbod i frivillige lag og organisasjonar.

Betre kollektivtilbod som gjer det enklare å komme seg mellom bygdene.

### 5.5 Fullverdig liv

Alle barn og unge har etter barnekonvensjonen sin artikkel 23 rett på eit fullverdig liv. Alle barn som har nedsett funksjonsevne, har rett til særleg omsorg og eit fullverdig og anstendig liv. Tilbod skal bli innretta slik at barn får tilgang til tiltak som må til for å fremja sosial integrering og personleg utvikling. Funksjonsnedsetting kan vera kognitive, psykiske, sosiale og fysiske. Funksjonshemmande hinder i omgivnadane set grenser for aktivitet og deltaking og er ulike avhengig av funksjonsnedsetting. Hindra representerer eit gap mellom det einskilde mennesket sine personlege føresetnader, og samfunnet sine krav og forventningar til deltaking.

Barn med funksjonsnedsettingar har same rettar til å vera deltakande i samfunnet som andre barn. Det omhandlar kvardagen heime, barnehage, skule, kulturskule, leikeplassar, idrett, kino og ungdomsklubbar. Her skal alle oppleve meistring, inkludering og glede i fellesskap med andre. Barn med nedsett funksjonsevne kan lett bli isolerte. Det at alle kan delta på felles aktivitetar er difor avgjerande. God og universell tilrettelegging av bygg, gangveggar og uteområde fører til at fleire kan vera aktive i samfunnet. Både i barnehagelova og opplæringslova er det tydeleg presisert at barn og unge har ein rett til å bli møtt ut i frå sine føresetnader. Med det meinast at barnehagen og skulen, uansett føresetnadane til barn og unge, skal romme alle. Prinsippet om inkludering er sterkt vektlagt.

Både i barnehagelova og opplæringslova er det i tillegg egne paragrafar knytt til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Kven som har rett på denne hjelpa er ikkje knytt til diagnoser eller liknande, men ut i frå om barnet har tilfredsstillande utbyte av det ordinære tilbodet eller ikkje. I dette ligg at kva barn som har trong for eit særskilt tilbod kjem an på kor variert og tilpassa det universelle tilbodet er. Med andre ord; kva kultur, ressursar, ressursforvaltning og kva kompetanse den einskilde barnehagen eller skulen har. Kvaliteten på det ordinære tilbodet er med andre ord avgjerande i høve kva barn som vil ha trong for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.

### 5.5.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa

Barnehagane og skulane inkluderer alle og er tilrettelagt og tilpassa for alle barn og unge. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø fagleg og sosialt.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt. Alle barn og unge opplever å vera del av eit sosialt fellesskap

Å ha funksjonsnedsetting er ikkje til hinder for deltaking i samfunnet. Alle kommunale bygg og leikeområde har ei universell tilrettelegging som sikrar at barn og unge kan delta i sosiale samanhengar og vere ein del av fellesskapet.

### 5.5.2 Vidare innsats

Innsatsområder – Fullverdig liv
Oppretta habiliteringsteam for barn som treng det.
Oppretta palliasjonsteam som skal sikra lindrande behandling til barn med alvorleg og framskridande sjukdom.
Sikra tidleg innsats og koordinert oppfølging når barn og unge viser teikn til forseinka eller avvikande utvikling.
Sikra individuell plan og koordinator til barn som treng det.
Sikra tilbod om støttekontakt og/eller brukarstyrt personleg assistent til barn som på grunn av sosiale, psykiske eller fysiske årsaker har trong for det.
Sikra tilbod om følgjekort til barn som treng det.

Kva kan me sjølve gjere for å få det betre?

At me er flinke til å ta vare på kvarandre. Få med dei som ikkje er med på noko fritidsaktivitetar.

## 5.6 Vern mot overgrep

Alle barn som bur heime, skal ha rett til samfunnet sitt vern mot vald og overgrep. Det inneber i følgje barnekonvensjonen sine artikkelar 19 og 34 ordningar som sikrar naudsynt støtte til barn og omsorgsgivar, samt ordningar som sikrar førebygging, behandling og eventuelt handsaming av saker i retten.

Gode foreldre som hjelper meg og gir meg omsorg.

Vald og overgrep er eit samfunns- og eit folkehelseproblem. Traumatiske opplevingar i barne- og ungdomstid gir ringverknader for både fysisk og psykisk utvikling og medfører store kostnader i form av auka trong for hjelpetiltak i barnehage, skule og andre hjelpetenester i kommunane. Arbeid med å førebygga og avdekka vald må prioriterast. Barn og unge må ha kunnskap for å kunna fortelja om korleis dei har det.

### 5.6.1 Kva kan barn, unge og familiar forventa

Kvinnherad kommune har tenestetilbod som sikrar førebygging og avdekking av vald og overgrep i nære relasjonar. Barn og unge har kunnskap om vald og overgrep og set grenser for eigen kropp.

Kommunen har god kompetanse for å sikra at vald og overgrep i nære relasjonar blir avdekka. Barn som vert utsette for det, får god hjelp.

Konsultasjonstemaet for vald og seksuelle overgrep Kvinnherad/Hardanger har auka konsultasjonar og det er med å bidra til auka kompetanse i tenestetilbodet

Kommunen har ein kultur for at uro for barn vert avdekka tidleg. Dette vert målt ut frå alder på barnet ved første konsultasjon/melding, samt tid frå ei hending skjer til det vert avdekka.

Alle tenestene i sektoren, samt tannhelse- og legetenesta har stort fokus på temaet vald og overgrep.

Det er ei haldning i heile organisasjonen om at barnet er i sentrum og barnet sitt beste kjem i første rekke. Dette fører til at det er lettare å dela uroa si med andre.

### 5.6.2 Vidare innsats

Innsatsområder – Vern mot overgrep
Utarbeida kompetanseplan knytt til tenestetilbod for barn som er utsette for vald og/eller overgrep
Utarbeida kommunale strategiar for gjennomføring av informasjon om vald og overgrep til barn og unge i barnehage og skule
Utarbeida ein sektorovergripande handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar.
Evaluera og revidera årleg kommunal rettleiar ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge
Utarbeida ein strategi for informasjon til frivillige lag og organisasjonar om vald og overgrep i nære relasjonar. Dette skal gi auka kunnskap og setje dei betre i stand til å melde frå.



## 6. Sluttord

33

Plan for oppvekstkår er ein politisk etterspurt plan;

**«Kvinnherad kommunestyre ber kommundirektøren starta arbeidet med planen «Oppvekstkår» som skal omhandla bl.a. organisering av skular, barnehagar, heildagsskule» (November 2019)**

Arbeidet med planen har vore høgt prioritert og prosjektet har gått om lag som planlagt. Det har vore gjennomført gode prosessar i både prosjektgruppe, arbeidsgrupper og saman med levekårsutvalet, trass i at ein i tida etter 12.mars 2020 har måtta gjennomføra det meste samarbeidet digitalt.

Målet med planen er at alle barn og unge som vekst opp i kommunen skal oppleve ein god og trygg oppvekst i barnehage/skule, fritid og heime.

I arbeidet med temaplanen har det blitt tydeleg at oppvekst for barn /unge i Kvinnherad er ulik og har store variasjonar frå stad til stad både i kvalitet, tilbod og omfang av tilbod. Det samla tilbodet til barn og unge i kommunen er omfangsrikt, men det er mange einingar som skal dela på ressursane. Det universelle tilbodet er kostbart og det vert lite att til førebyggjande tiltak og direkte hjelpetiltak inn mot dei som har ekstra trong for hjelp.

Det har også blitt avdekka at tilbodet barn og unge får ikkje er tilstrekkeleg i høve statlege føringar og tilrådingar. Hjelpetenestene når ikkje ut til alle barn og unge i tilstrekkeleg grad. Det er vanskeleg å skaffa til vege nok kompetanse. Dei fysiske bygga og uteområda fyller ikkje krav til miljøretta helsevern i barnehagar og skular og særskilt er det problematisk i høve universell utforming. Det er også ei utfordring at i nokre små barnehagar kan ein vaksen vera åleine med eit barn i fleire timar i veka. Det truar tryggleiken til barn. Konklusjonen i planen er at dette ikkje kan fortsetja, dersom vi ønskjer å tilby barn og unge eit godt og likeverdig tilbod. I innleiinga er det synt til to ulike vegar å gå i val av strategi for framtida.

Alternativ 1 går ut på å heva kvaliteten og ressursar i alle eksisterande tilbod til gode og tilfredsstillande tilbod. Dette vil innebera store økonomiske kostnader både til drift og investering. I tillegg vil kommunen streva med å rekruttera nok og rett kompetanse.

Alternativ 2 går ut på ei endring struktur, og kan også bli eit økonomisk kostbart tiltak når det gjeld investering. Dette blir likevel vurdert som å vera meir berekraftig over tid. Årsaka til dette, er at strategien på sikt vil gje lågare driftskostnader og at trongen for kompetanse kan dekkast med færre personar, då det er færre einingar til å fordela kompetansen på.

Denne temaplanen handlar om kva barn treng for å ha gode oppvekstkår. Ein risiko som truar at målsetjinga vert nådd, er at det ikkje vert teke omsyn til barnet sitt beste. Barnekonvensjonen er av den grunn nytta som eit gjennomgåande tema i planen. Målsetjinga for kommunen sitt arbeid er å gje barn og unge den beste oppveksten ein kan få i Noreg. Denne barndomen skal i neste omgang føra til at det blir ein attraktiv kommune å busetje seg i og arbeida i som vaksen. Ein kommune der dei opplever gode tilbod til eigne barn.



Foto: Hatlestrand barnehage

## Oppfølging av planen

Temaplan for oppvekstkår har som mål å vera eit felles styringsverktøy for politisk og administrativ leiing i arbeidet med å sikra gode oppvekstkår for barn og unge. I tillegg til denne planen, er det og andre kommunale planar som har innverknad på barn og unge sin oppvekst. Dette gjeld mellom anna kommunedelplanar, tema- og reguleringsplanar.

For at temaplanen skal bli eit styringsverktøy, vil den bli realisert gjennom årlege rulleringar av økonomi- og handlingsplanar. Gjennom dette vil det bli utarbeidd konkrete handlingsstrategiar som sikrar den konkrete innsatsen mot måla. I arbeidet med handlingsplanar og -strategiar, er det viktig å sjå både på kva retning temaplanen gir, og kva føringar ulike kommunale planar gir for kvarandre.

Forventningane til prosjektgruppa er at planen engasjerer mange når den kjem på høyring. Det vert invitert til innspel frå innbyggjarane, for å gje best mogleg grunnlag for politiske vedtak. I høyringsprosessen er det ynskjeleg med tilbakemeldingar på om innhaldet i planen er relevant for barn sine oppvekstkår, og eventuelt om det er andre tema som burde vore omtala i planen.

## Kjelder

- [Barnekonvensjonen](#)
  - [Barnevernlov](#)
  - [Lov om helse- og omsorgstenester,](#)
  - [Barnehagelov,](#)
  - [Opplæringslov,](#)
  - [Nasjonale retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta,](#)
  - [Barnevernreform,](#)
  - [Stortingsmelding 6,](#)
  - [NOU 2017:12](#)
  - [Ungdata.no](#)
  - Psykologforeningen.no. *Psykisk helse i alt vi gjør, men hvordan?*  
<https://www.psykologforeningen.no/politikk/psykolog-i-kommunen-hvorfor/psykisk-helse-i-alt-vi-gjoer-men-hvordan>
  - Bærekraftig utvikling <https://www.fn.no/Tema/Fattigdom/Baerekraftig-utvikling>
  - <http://www.ungdata.no/Organiserte-fritidsaktiviteter/Organisert-fritid>
  - <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/Retten/2.1/>
  - <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/Retten/Vilkar/>
  - [Opptappingsplan mot vold og overgrep \(2017-2021\)](#)
  - [Regjeringas ungdomshelsestrategi \(2017-2021\)](#)
  - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stmeld-nr-20-2006-2007-/id449531/>
  - Hofstad; Kommunal planlegging som reiskap for å redusere sosiale helseforskjeller, NIBR 2019:6  
<https://fagarkivet.oslomet.no/nb/item/asset/dspace:13301/2019-6.pdf>
  - [Rundskriv Q16-2013 Forebyggende innsats for barn og unge](#)
  - [Rammeplan for barnehagen](#)
  - [Læreplanverket - overordna del](#)
  - [Forebygging.no](#)
  - [Statusrapport 1 - Utsatte barn og unges tjenestetilbud under Covid19 pandemien](#)
  - (Hofstad; Kommunal planlegging som reiskap for å redusere sosiale helseforskjeller, NIBR 2019:6).
  - [https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/rapport\\_vestland-folkehelseoversikt\\_2019\\_23.pdf](https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/rapport_vestland-folkehelseoversikt_2019_23.pdf)
  - Lov om folkehelse
  - <https://www.regjeringen.no/no/sub/fns-baerekraftsmal/id2590133/>
  - Kommunehelela <http://khs.fhi.no/webview/>
  - [Kommunedelplan Helse, omsorg og sosial 2019](#)
- ❖ *Bilete på framsida: Frå v: Emil Hauge, June Marie Sætre-Bjelland, Solfinn Kolle, Celina Andersen, Oskar Kaldestad og Karoline Victoria Fonn. (Herøysund).*
- ❖ *Teikningane i dokumentet er laga av born frå kulturskulen.*